

Osterøy kommune

Rådhuset


5282 Lonevåg

Tilsvar til klage på dispensasjon til planering av naustområde, etablering av kaifront og oppføring av fem naust på gnr. 87 bnr 1 i Hosanger

Viser til klage frå fylkesmannen i Hordaland, send 20.06.2018, med referanse 2018/1742 421.3.

Det henvises til at området er satt av til blanda formål, «byggeområde-naustområde/kontor». Men det skal ikkje etablerast kontor på området. Det er i reguleringsplanen for Hosanger sentrum allereie bestemmelsar for område der det kun skal etablerast naust, omtala i bestemmelsane som «byggeområde for naust».


Kaifronten er nødvendig for at ein skal komma inn til land med båtane. Det skal ikkje etablerast flytebyggjer, da dette ikkje var ønskeleg frå myndighetenes side i planprosessen. Kaifronten skal etablerast i naturstein, av ein svært dyktig entreprenør, slik at utførelsen blir god samtidig så den passar godt inn i miljøet rundt Mjøs vågen. Kaifronten vil ikkje utgjøra nokon stor inngripen i området, den vil heller vera ei forskjøning.



*Skissa over visar korleis ein ser for seg at området blir sjåande ut frå området mellom kyrkja og sjø i framtida.*

Det må påpeikast at kystverket ikkje hadde merknad til søknaden.

Fylkesmannen hevdar at området er urørt. For oss så har vore i området og kjenner til plassen si historie, visar dette at ein ikkje har vore på plassen, eller har forsøkt å undersøka lokalhistoria i Hosanger. Tidlegare aktivitet er dokumentert i fleire bøker. Blant anna «Ættebok for Hosanger» ved Askild Eknæs og «Ein våg me veit um» av Geir Kleiveland.



*Eit gammalt bilde så visar delar av bebyggelsen på Refsneset. Refsneset er til venstre i biletet. det kvite huset er antageligvis bustadhuset på Refsneset. Bustadhuset stod eit stykke lengre ute på neset enn det naustområdet.*

I Ætteboka kan ein lese; «I 1752 fekk Jacob Johannesen Holme bygsla hustuft på Nesit under Hoshovde». Refsneset har også blitt kalla Hoshovdeneset.

Ein kan også lesa at; «Josef Olsen hadde øltapperi på Hoshovdeneset i 1761.» Det var også øltapperi i 1764 og vidare godt inn på 1800-tallet.

I boka «Ein våg me veit um» er det satt av eit eige kapittel om næringsvirksomheten på Refsneset, her står det blant anna;

«Jon Larsson hadde eit naust her (Refsneset) der han turka materialen han trong til arbeidet i kisteverkstaden sin».

Seinare blei det etablert annan næringsvirksomhet på Refsneset, dette blei i hovudsak etablert av Cristoffer Tøsse. «Tøsse dreiv med ymse handel i Bergen, og han hadde tydeligvis store planar for Refsneset. Her sette han i gang med røykeri og laga mellom anna bøkling. Røykjeriet stod litt innanfor sjølve neset. Ansvarer for røykjeriet hadde eine sonen, Øistein Cristoffer. Han dreiv seinare i røykjeri i Bergen. Men viktigaste aktiviteten for Tøsse var skraphandel. Han frakta heim store mengder blykabel som vart brend for å reinska fram metallet. Metallet støypte han han om og selde vidare. Han bygde også kai der dampbåtane kunne leggja til for å lossa og lasta skrapjern og kabel.» Når dampskipskaien på Refsneset blei etablert var den omtrent lika stor så dampskipskaien i Hosanger sentrum og den stod heilt ytst på neset.

Vi stiller oss vidare totalt uforståande til påstanden om at vi vil privatisera strandsona. Det skal etablerast eit nytt fortau langs adkomstvegen til området. Fortauet blir etablert slik at det bedra adkomsten til området frå sør, bustad på gnr/bnr 87/1 er i nordleg retning. Kvifor skulle ein etablere eit fortau ned til naustområdet, i motsett retning av bustaden på eigedomen, dersom ein skulle privatisera området? Det er allereie 2 naust på gnr/bnr 87/1, trur fylkesmannen at vi skal ha 5 nye naust for oss sjølve? På grunn av mangelen på båtplassar i området har det vore stor pågang for å leiga naust og/eller båtplassar frå lokalbefolkninga i Hosanger. Vi har muntlig avtale om utleige av alle dei 5 nausta, samt utleige av fleire båtplassar. Tiltaket vil legge til rette for at fleire kan bruka vågen og fjorden. Det er tross alt viktig at det finnes fritidstilbud også i distrikta.

Det har også vore arrangert løp i området der ein av etappane har vore å symja frå kyrkja og over til Refsneset.

Det må nødvendigvis etablerast kaifront i eit område som er satt av til bygging av naust. I ei lita bygd som er så knytta til sjø og miljøet som er etablert langs sjøkanten av Mjøs vågen, er vår vurdering at naust og kaifront må vere i samsvar med sentrumsformål for denne bygda. Sentrum av bygda ligg jo langs sjøkanten med kaféen, galleriet, butikken og dampskipskaien.

For eit par år sidan blei det etablert nytt veganlegg gjennom Hosanger. I den forbindelse blei det etablert ei stor og brutal fjellskjæring utan nokon avbøtande tiltak. Eigar av vegen gjennom Hosanger er Hordaland fylkeskommune og statens vegvesen hadde ansvaret for bygginga av fjellskjæringa.



*Biletet over visar fjellskjæringa så er etablert av statens vegvesen på Hordaland fylkeskommune sin eigedom. Det er allereie begynt å gro gras i store delar av fyllinga på vår eigedom, se til høgre i biletet.*



Vi har tilbydd oss å etablere fleire trær på vår eigedom som avbøtande tiltak for denne fjellskjæringa. Vi vil leggja jord på heile fyllinga til adkomstvegen slik at det kan etablerast grasdekke på denne. Vidare vil vi planta nye trær på vår side av grensa mellom gnr/bnr 87/1 og 92/11. Vi har innledd dialog med nokre svært dyktige landskapsarkitekter på korleis dette kan bli best mogleg. Foreløpig er det vurdert å planta både ask og selje. Begge desse er naturlege tresortar i området, der selja er litt tettare, men lågare enn asken. Asken er høgare enn selja, men ikkje så dekkande. Dette vil dekke delar av fjellskjæringa, spesielt sett i frå området rundt kyrkja.

Samla sett må det konkluderast med at plan- og bygningslova sine formål ikkje vert tilsesette og at fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene. Om ein tar med at det skal leggjast jord på fyllinga og plantast tre foran fjellskjæringa langs fylkesvegen, så vil tiltaket bli svært positivt for området. Detaljane i tiltaket er gjort reie for og beskrevet, dersom tiltaket var så utydeleg kunne ein stilt på møte slik vi tok initiativ til. Området er heller ikkje urøyrt slik det blir hevda. Tiltaket vil ikkje føra til noko privatisering av strandsona, men heller åpna for at fleire kan bruka strandsona og sjøen.

Vi tilrår at vedtaket så er gjort av kommunen vert ståande slik at vi kan kome i gang med arbeida på staden. Dette vil gjere tilgangen til at fleire i bygda kan bruka både sjø og sjøkanten enn det det er i dag. Det vil også vere eit kjærkome løft for vestsida av Mjøsågen.

Med venleg helsing

Berge Andreas Hoshovde

Aksjeselskapet Hoshovde